

Velkommen attende til Tangen skule!

Måndag 11. mai har me glede av å opne skulen att for **alle** elevane våre, samstundes som SFO-avdelinga er i gang, med opningstid slik den er no. Dette skal me gjere på den absolutt beste måte me kan, og både store og små skal vere trygge på at dette vil skje i høve til dei retningslinjer som er gjevne frå sentralt hald. **Me viser såleis til informasjon om dette på kommunen si heimeside, samt til den informasjonen som er kommen frå sentralt hald om hygiene, smittereglar m.m.**

Det er avgjerande for oss alle at me **respekterer dei retningslinjene som me har fått, og at me samstundes har forståing for at nokre kan føle seg utrygge i høve til dette.**

Alle har ikkje same ståstad, men me skal likevel sjå til at alle vert ivaretekne på ein god måte. Tangen skule har såleis gjort grundig planlegging i høve til detaljane her, med svært god hjelp frå personell innan reinhald, helse, teknisk etat, skuletransport o.a.

Skulen viser til informasjonen som vart gjeve i samband med opninga av småskulen, og me ønskjer no særskilt å informere om følgjande for resten av elevane:

Opningstider:

- Skuletida vert den same som før, og det er ønskeleg at elevane møter i tida 08.15 - 08.30.

Frammøte, utstyr og henting:

- 5. klasse flytter til klasserommet ved sida av 1. klasse, og dei møter på skuleplassen.
- 6. klasse flytter til naturfagsalen, og dei går inn gjennom vestibylen og opp trappene.
- 7. klasse møter på kunstgrasbana.
- 8. klasse flytter til formingsalane, og dei nyttar inngangen nede ved SFO.
- 9. klasse møter ved inngangen til Tangenhallen, ute ved kunstgrasbana.
- 10. klasse nyttar vestibylen som inngang, som vanleg.

Undervisning:

- Undervisninga vert stort sett som før, men med nokre nødvendige avgrensingar grunna retningslinjer, t.d. i kroppsøving, musikk, mat/helse og kunst/handverk. Det vert og lagt opp til meir uteaktivitet for elevane enn før.
- Elevane vil møte dei same vaksne som før, som dei er kjende med.
- Skulen tilbyr framleis ikkje leksehjelp i tida framover.

Friminutt / matpause:

- Klassane vil ha friminutt på ulike tider og på delte område.
- Mjølkeordninga vil fungere som vanleg frå tysdag, og fruktordninga kjem i gang frå torsdag.

Skuleskyss:

- Denne vil gå som vanleg for elevane frå Seimsdalen. Skulen vil ha personell med på bussen måndag. Elevane frå Naddvik nyttar og bussen som før.
- **Merk:** Føresette som køyrer borna sine til skulen, **må** unngå å snu / rygge ved avstigning.

Generelt vil skulen peike på at både store og små skal halde seg heime dersom det er teikn på sjukdom, og at ein ikkje møter før ein har vore symptomfri i eit døgn.

Kontaktlærarane vil og ta dialogen vidare med føresette i høve til moment som er knytt til smittevern, t.d. praktiske ting om lærebøker, skrivesaker, minst mogleg byte av klede o.a.

Me håpar på eit godt samarbeid om ein trygg skulegang, og me ønskjer alle hjarteleg velkommen attende til skulen.

Mvh
alle på Tangen skule